

Forskrift om skulerute 2026- 2027

Gjesdal kommune

Heimel: Fastsett av Gjesdal kommunestyre XX.XX.25 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har i skuleåret 2026-2027. Elevane har rett og plikt til å møta på dei fastsette dagane. Forskrifta gjeld for elevar ved dei kommunale grunnskulane i Gjesdal kommune skuleåret 2026- 2027.

§ 2. Skuleruta 2026- 2027

Dato	Merknader, ferie, fri	Antal skuledagar
August	Måndag 17. august er skulestart for elevane.	11
September		22
Oktober	Haustferie veke 41 (5.- 9. oktober).	17
November	Fri for elevane 13. november.	20
Desember	Tysdag 22. desember er siste skuledag før jul.	16
Januar	Fri 1. nyttårsdag 1. januar Måndag 4. januar er første skuledag etter jul.	20
Februar	Vinterferie veke 7 (15.- 19. februar). Kan ikkje endrast. Gjeld for Rogaland.	15
Mars	Påskeferie veke 12 (22. mars- 29. mars). Onsdag 31. mars er første skuledag etter påskeferien.	16
April		22
Mai	Fri Kristi himmelfartsdag torsdag 6. mai Fri for elevane fredag 7. mai Fri Grunnlovstagelse / 2. pinsedag måndag 17. mai	18
Juni	Torsdag 17. juni er siste skuledag for elevane	13
	Sum skuledagar	190

Planleggingsdagar for barnehagane
13. august 2026
14. august 2026
13. november 2026
30. mars 2027
7. mai 2027

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker. Elevane skal ha minimum 190 skoledagar.

I skuleruta kan følgjande **ikkje** endrast når ho er vedtatt:

- Første og siste skuledag for elevane ved oppstart og slutt av skuleåret.
- Planleggingsdagar for SFO og barnehagane.
- Elevane sine fridagar. Skyss er avtalt i tråd med skuleruta.

§ 3. Lokale variasjonar

Skulane fastset sjølv 6 planleggingsdagar på elevfrie dagar. Planleggingsdagar for skulane blir fastsette i samarbeid med organisasjonane til tilsette.

På nærare vilkår, og etter at samarbeidsorganet til skulen, elevar og foreldre har fått tilgang til å uttala seg, kan det gjerast justeringar av planleggingsdagar for kvar enkelt skule. Dette skal godkjennast av kommunedirektøren.

§ 4. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2026 og blir oppheva 31. juli 2027.